

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	31.10.2017	044/17
Kvam heradsstyre	07.11.2017	059/17
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	01.11.2017	023/17

Avgjerd av:	Arkiv: N - 403.1	Arkivsaknr
Saksh.: Botnen, Åslaug Bøhn	Objekt:	17/573 - 2

Plan for legetenesta i Kvam herad 2018-23

Behandling i politiske utval:

31.10.2017, FSK- 044/17 Vedtak:

Kvam heradstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 slik den ligg føre, til vitande.

Saksordførar: Ottar Randa, H

01.11.2017, RMNFE- 023/17 Vedtak:

Kvam heradstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 slik den ligg føre, til vitande.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 slik den ligg føre, til vitande.

Samandrag:

Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 skal visa retning og klargjera kommunen sine prioriteringar i legetenesta framover. Planen byggjer på nasjonale og lokale føringar. Dei kommunale helse- og omsorgstenestene er viktige, og vert stadig viktigare i åra som kjem. Helse og omsorgstenestene står overfor nye utfordringar med ein stadig større del

eldre, tidlegare utskrivning frå sjukehus, sjukare pasientar som skal ivaretakast lokalt og auka krav og forventningar frå brukarar og offentleg mynde.

Legetenesta er ein viktig del av den kommunale helse og omsorgstenesta og famnar om alt frå pasientarbeid, allmenntedisinske offentlege oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

Helse og omsorgstenestene, og ikkje minst legetenesta, vil møte auka krav til kvalitet, fleire medisinske nyvinningar, ny teknologi, endringar i sjukdomsbiletet og fleire komplekse sjukdomsforløp. Veksten i behov for tenester vil verta større enn samfunnet si evne til å utdanna og rekruttera personell – også legar.

Hovudtema i planen er korleis legetenesta skal organiserast for å fylgja opp dei nasjonale og lokale føringane og møte utfordringane i helsetenestene i Kvam i framtida. Det vert peika på behov for endringar innan organisering, arbeidsdeling, arbeidsformer, kompetanse, kvalitet og leiing.

Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 er lagt ved som vedlegg til saka.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
565771	Plan for legetenesta 2018-2023 rev
565772	Vedlegg til plan for legetenesta

31.10.2017 Kvam formannskap

Framlegg frå Frode Nygård, Frp:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kvam heradsstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 til vitande med fylgjande presisering: Det skal vidareførast eit legetilbod i Strandebarm og Ålvik.

Framlegg frå Borghild Storaas Ones, Ap: Som rådmannen sitt framlegg til vedtak

Spørsmål vedkomande habilitet:

Frode Nygård, Frp stilte spørsmål ved sin habilitet. Viste til at kona hans, Kari Svellingen Nygård (har vore med å arbeidd med planen)/er tilsett ved legevakten i Kvam.

Framlegg frå ordførar Jostein Ljones: Representanten Frode Nygård, Frp er habil i saka jamfør forvaltningslova § 6.

Røysting over habilitet:

Framlegget til ordførar Jostein Ljones vart samrøystes vedteke med 8 røyster.

Vedtak vedkomande habilitet:

Representanten Frode Nygård, Frp er habil i saka jamfør forvaltningslova § 6.

Det var 9 røysteføre i den vidare handsaminga av saka

Røysting:

Framlegget til Frode Nygård, Frp fekk 1 røyst og fall.

Framlegget til Borghild Storaas Ones, Ap fekk 8 røyster og vart vedteke.

FSK- 044/17 Vedtak:

Kvam heradstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 slik den ligg føre, til vitande.

Saksordførar: Ottar Randa, H

01.11.2017 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

RMNFE- 023/17 Vedtak:

Kvam heradstyre tek Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 slik den ligg føre, til vitande.

Saksopplysningar:

Plan for legetenesta i Kvam 2018-23 skal visa retning og klargjera kommunen sine prioriteringar i legetenesta framover. Planen byggjer på nasjonale og lokale føringar. Dei tre mest sentrale stortingsmeldingane for kommunehelsetenesta er:

- Primærhelsemeldinga
- Samhandlingsreforma
- Folkehelsemeldinga

Meldingane slår fast at dei kommunale helse- og omsorgstenestene er viktige, og vert stadig viktigare i åra som kjem. Utdringane er mange, mellom anna knytt til endringar i demografi med fleire eldre og fleire innvandrarar.

Fleire vil leva med livsstilssjukdomar som kols, diabetes, hjarte-karsjukdom og kreft, og det vert fleire med psykiske sjukdomar og rusproblematikk.

Helse og omsorgstenestene, og ikkje minst legetenesta, vil møta auka krav til kvalitet, fleire medisinske nyvinningar, ny teknologi, endringar i sjukdomsbiletet og fleire komplekse sjukdomsforløp. Veksten i behov for tenester vil verta større enn samfunnet si evne til å utdanna og rekruttera personell – også legar.

For å møte utfordringane som kjem, vert det peika på behov for endringar innan organisering, arbeidsdeling, arbeidsformer, kompetanse, kvalitet og leiing.

Helse og omsorgstenestene våre står overfor nye utfordringar med ein stadig større del eldre, tidlegare utskrivning frå sjukehus, sjukare pasientar som skal ivaretakast lokalt og auka krav og forventningar frå brukarar og offentleg mynde. Legetenesta må dimensjonerast og lokalisert for å møte desse utfordringane.

Kommuneplan for Kvam og kommunedelplan for helse og omsorg 2015-30 er viktige lokale styringsdokument for utvikling og styring av tenestene fram mot 2030. Dokumentet «Folkehelseoversikt for Kvam 2016- 2019» viser at kvenningane i det store og heile har god helse og trivsel. Oversikta ligg til grunn for kommunen sitt folkehelsearbeid og for det samla planarbeidet.

Legetenesta er ein viktig del av den kommunale helse og omsorgstenesta og famnar om alt frå pasientarbeid, allmenntedisinske offentlege oppgåver og samfunnsmedisinske oppgåver til legevakt og koordinerte akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus.

Hovudtema i planen er korleis legetenesta skal organiserast for å fylgja opp dei nasjonale og lokale føringane og møte utfordringane i helsetenestene i Kvam i framtida.

Mål, strategiar og tiltak i planen skal bidra til å oppfylle Kvam herad sin visjon om å:

«Skapa ei oppsiktsvekkjande framtid – create a remarkable future»

Kommunen står overfor eit generasjonsskifte innan legetenesta. I 2018 vil om lag 50% av legane vera 60 år og eldre. Dette utfordrar kommunen på rekruttering

Plan for legetenesta gjev oversikt over mål, strategiar og tiltak innan:

- Fastlegeordninga
- Allmenntedisinsk offentleg legearbeid
 - Sjukeheimsmedisin
 - Legearbeid i omsorgsbustad
 - Legearbeid i helsestasjon og skulehelsetenesta
 - Legearbeid i helsestasjon for flyktning
- Legevakt
- Samfunnsmedisinske tenester
- Kompetanse og rekruttering
- Samhandling
- Organisering og leiing

Planen synleggjer korleis kommunen kan bidra til å få betre oversikt over helseutfordringar i befolkninga og viser retning for forbetnings- og utviklingsarbeidet i legetenesta.

Ei arbeidsgruppe med fylgjande medlemmer har delteke i planarbeidet:

Arne O. Aksnes kommuneoverlege og leiar for arbeidsgruppe

Lena Laupsa fastlegeHelsebanken

Erling Lyngset fastlege Norheimsund legesenter, tillitsvald

Lars Riise sjukeheimslege

Kari S Nygård avdelingssjukepleiar Kvam legevakt

Elfrid Oma pleie- og omsorgsleiar

Åslaug Bøhn Botnen helse- og omsorgsjef

Gunnar Helle frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Vurdering:

Ei sterk primærhelseteneste er sentral i den norske helsetenesta, og den samla helse og omsorgstenesta i Kvam skal sørgja for gode, forsvarlege og likeverdige helse- og omsorgstenester til alle som treng det, uavhengig av alder og diagnose. Legetenesta er ein viktig del av den kommunale helse og omsorgstenesta.

Helse og omsorgstenestene våre, og ikkje minst legetenesta står overfor nye utfordringar med stadig større del eldre, tidlegare utskrivning frå sjukehus, sjukare pasientar som skal ivaretakast i kommunen og i eigen heim, og auka krav og forventningar frå brukarar og offentleg mynde.

Parallelt med denne utviklinga skjer det auka krav til kvalitet, medisinske nyvinningar, endringar i sjukdomsbiletet og fleire komplekse sjukdomsforløp i kommunen.

Veksten i behov for tenester vil verta større enn samfunnet si evne til å utdanna og rekruttera personell, også legar. I Kvam vil me i planperioden ha behov for å rekruttera nye legar då om lag 50% av legane er over 60 år.

For å møte utfordringane som kjem, vert det peika på behov for endringar innan organisering, arbeidsdeling, arbeidsformer, kompetanse, kvalitet og leiing.

Dette er utgangspunkt for mål og tiltak i vår plan.